

Formidlar opplevingar til heile verda.

12.07.2017



Vertskapet på Dønhaug Gjestegard, Anne Berit og Magne Huglen, har gjester frå heile verda. Her ved ingangen til gamlehuset.

**Dei fleste av oss forbind Dønhaug Gjestegard med Festidalen, låvedansar, låvebryllup og arrangement i Dønhaugkjedlaren. Langt mindre kjent her i Uskedalen er det at det er ein særdeles populær overnatningsstad for turistar og tilreisande. Vi kan trygt sei at gjestene kjem frå alle verdas kantar, og i følgje vurderingane på booking.com er dei begeistra etter opphalda.**



Den flotte plasseringa med nydeleg utsikt både opp dalen mot dei mektige fjella og ut mot fjorden er raita til toppkarakter 10 av dei besøkjande.

Anne Berit og Magne Huglen driv Dønhaug Gjestegard, og dei leiger ut to hus til overnatting, gamlehuset og kårhuset. I kårhuset er det 2 doble soverom i tillegg til kjøkken, stove, bad og alt gjestene treng. I gamlehuset er

det 6 soverom med dobbelsenger samt plass til å setja inn ekstrasenger. I tillegg er det romsleg stove, stort kjøkken og 2 bad der.

Utleiga føregår gjennom heile året, men no er vi inne i høgsesongen. Frå oppstart i juni må ein langt uti august for å finna ein ledig helg, og no var visst den også i ferd med å verta opptatt. Frå august vert det ikkje lenger utleige av kårhuset då det vert opptatt.

Anne Berit og Magne trivest tydeleg med besøket av gjester frå den store verda. Aller kjekkast er det når det er barn med, er dei to einige om. Av og til kjem det familiar i 3 og 4 generasjonar, og når dei beskriv dette, er det tydeleg at kosar seg med det. Det gjenspeilar seg også på tilbakemeldingane frå gjestene. Dei viser heile 9,8 poeng av 10 oppnåelege på personale. Same score er det på reinhald, medan beliggenhet har dei fått toppkararkteren 10 av samtlege. Snittet er heile 9,5 og det overgår det meste!

Då eg var oppom onsdag hadde nett 4 kinesiske damer reist fornøgde vidare. For litt sidan hadde dei besøk av 10 damer og ein mann frå Thailand. Dei kom i minibuss med to tsjekkiske sjåførar og skulle oppleva Vestlandet. På søndag er det nytt innrykk frå Kina. Då kjem ei gruppe på 16 som skal overnatta ei natt. Sjåføren skal bu på Solheim Turiststasjon som gjestegarden har godt samarbeid med om utvekslig av overnattingsgjester ved behov. Dei har hatt fleire grupper med nederlendarar og franske familiar. Elles er det sjølv sagt ein god del danske, svenske og norske gjester. I nærmeste framtid har dei også bookinga frå både Saudi-Arabia og Forente Arabiske Emirater. Vi kan trygt sei at det er ei internasjonal gjesteliste på Dønhaug gjennom sommaren.

Dei fortel at dei fleste er frå 1 til 2-3 netter, men ein del er også rundt ei veke. I august kjem til dømes ei gruppe på 8 tyskarar, og dei skal vera i 8 dagar. Det er naturleg nok først og fremst naturen som trekker dei hit, og mange er det som beundrar den fantastiske utsikten med same dei hoppar ut av bilen. Mange går fjellturar og tar dagstur til baroniet. Dei som vert verande litt lengre brukar Dønhaug som utgangspunkt for bytur til Bergen, tur til Bondhusvatnet eller ein tur til Trolltunga.

Det er tydeleg gjestene set stor pris på atmosfæren dei opplever i dei flotte, gamle, velhaldne bygningane. Stor pris set dei også på utsikten og alle mulighetene det romslege uteområdet byr på.



Gjestene har romsleg og godt kjøkken til disposisjon.

På Dønhaug Gjestegard kjem gjestene til gode oppredde senger. Maten ordnar gjestene sjølv på store og velutstyrte kjøkken. Ja, Anne Berit og Magne hjelper til med å handla inn frukostmat om nokre kjem sein om kvelden. Dei hjelper også til med å formidla middag, og då nyttar dei seg av catering frå lokale firma.

Under Festidalen er overnattingskapasiteten leigt ut til dei. Vi spør om dei merkar andre kulturarrangement på etterspurnaden.

- Under Kammermusikkfestivalen har vi mange gjester frå heile Norge, og vi har også besøkjande som nyttar seg av kulturtilbodet i baroniet, seier dei to.

Dei fortel at ein del av gjestene, særleg dei som reiser i større grupper, også leiger Dønhaugkjedlaren og brukar den til felles samlingar i det spesielle og koselege miljøet den har. Og i tillegg til alle turistbesøk frå inn- og utland er det kvar sommar i snitt 3 bryllup der dei leiger heile bygningsmassen med låven.

Gjestene er storfornøgde etter Uskedalsbesøk på Dønhaug Gjestegard. Det viser raitinga på booking.com. Eit like godt bevis er nok dei familiene og andre gjester som kjem att år etter år. Mange av dei som er her for første gong gjev uttrykk for at Uskedalen og Kvinnherad er eit reisemål som dei kunne ønskja seg å bruka meir tid på.



Frå den store og koselege stova i gamlehuset. På veggen ser vi m.a. teppe vevd av Margretha Dønhaug.



Kjøkkenet er svært godt utstyrt.



I gamlehuset er det 6 store og fine soverom med sjel.



Mange større grupper leiger også den stilfulle Dønhaugkjedlaren som vi ser ein del av her.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.